

---

Vår referanse 2020/74768-2  
Dato 19.11.2020

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Førehandstilsagn - Søknad om utvidet bruk - fv. 5318 - gnr 347 bnr 122 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om utvida bruk av avkøyrseil til fylkesveg 5315 i Alver kommune, datert 21.10.2020.

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrseil frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse 4 «lite streng» jf. Rammeplan 2017-2020.

Vi er positive til at det skal etablerast ein parkeringsplass for turgåarar i området, som kjem av ein parallell søknad frå Alver kommune.

Avkøyrsla har god sikt og svingradius. Men avkøyrsla tilfredsstillar ikkje krav til utforming når det kjem til overvasshandtering. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gje eit løyve i dag, men eit førehandstilsagn om at løyve kan påreknast etter at avkøyrsla vert utbetra etter krava vi stiller.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#), har vi fatta følgande vedtak:

Det kan påreknast utvida bruk av avkøyrseil for parkeringsplass under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg: fylkesveg 5318 Skjelangervegen / gnr. 347 bnr. 122 i Alver kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadsplichtige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med villkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Vestland fylkeskommune innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt parkeringsplass før endeleg godkjent avkøyrseilsløyve frå Vestland fylkeskommune føreligg, jf. Plan- og bygningslova

§27-4. Når krav til overvasshandtering er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.

3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagde prinsippsskisse og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslar frå offentlig veg*, som ligg på [lovdata.no](http://lovdata.no)
4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrslar.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen målt 10 meter frå avkøyrslspunktet skal vere minimum 45 meter.
6. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Anten med betongkant eller at ein grev arealet og utformar det slik at det ikkje innbyr til ut eller innkøyring på skrå.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.
9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsone.
10. Overvatn må anten renne vestover i grøft elles legge i røyr under avkøyrslar til eksisterande stikkrenne. For førstnemde må det søkast til Vestland fylkeskommune om graveløyve.

### Arbeidsvarsling

Før arbeidet vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Den skal sendast til [bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 2020/74768 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

### Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, skal det takast kontakt med Vestland fylkeskommune for synfaring og eventuell godkjenning. Endeleg godkjent avkøyrslsløyve vert send til søker som er Alver kommune.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg  
1 Prinsippskisse

Kopi til:

TROND  
ENGELSEN

VIKAVEGEN  
18